

Notat

Dato: 07.09.2017
Arkivsak: 2015/9679-2
Saksbehandlar: fromann

Til: Hovudarbeidsmiljøutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

LHBT-sertifisering av HFK

Det vert vist til overordna HMS-plan for HFK 2014-2017, der det går fram at ein i HFK ønskjer å motverke diskriminering ut frå kjønn, etnisitet, alder, funksjonsevne, seksuell orientering m.m.

Det vert og vist til temaplanen «Likeverd i Hordaland fylkeskommune» som vart vedteken i Fylkestinget 13.06.17, og tilhøyrande «Handlingsplan mot diskriminering av homofile, lesbiske, bifile og transpersonar».

HAMU hadde dette temaet oppe under ymsepunktet 23.10.2015, der Ingrid Holm Svendsen orienterte HAMU om arbeidet med likeverdsplanen – under dette om arbeidet for sertifisering av Hordaland fylkeskommune som LHBT-verksemd (LHBT: lesbiske, homofile, bifile og transpersonar). HAMU vart invitert til å delta i workshop om dette tema 30.11.2015, saman med m.a. Likestillingsombodet for diskriminering og Landsforeningen for LHBT.

Følgjande tiltak er til no gjennomført på dette området:

- Workshop for toppleiargruppa og HAMU-medlemmar 30.11.2015
- Kurs for alle rektorane i HFK (ulike samlingar i 2016).
- Kurs for alle tilsette på to vidaregåande skular (Austrheim og Fitjar) i 2016.

I møte 06.09.17 mellom HFK og representantar frå «FRI - Foreningen for kjønns,- og seksualitetsmangfold» (tidlegare «Landsforeningen for LHBT») i Bergen og Hordaland vart det drøfta kva for kriterium som gjeld for vidare LHBT-sertifisering av HFK.

Om nemninga «LHBT-sertifisering»: Denne nemninga vil truleg verte endra, men inntil vidare held vi fram med bruken, til vi får tilråding om ei ny nemning. Bakgrunnen for endringa er at ein ikkje ønskjer ei avgrensing til desse fire bokstavane med tilhøyrande former for kjønn og seksualitet.

Om krav til sertifisering: Sjå vedlagde notat frå FRI. Oppsummert er det viktigaste punkta:

1. Skolering av alle tilsette i HFK, einingsvis, t.d. skule for skule. Skoleringa skjer i form av eit tre-timars-kurs i regi av FRI, med foredrag og diskusjon.
2. Utarbeiding av handlingsplan for inkludering av personar som bryt med normer for kjønn og seksualitet på arbeidsplassen. Handlingspunktka kan inngå i den lokale HMS-planen, og skal verte utarbeidd i samarbeid med FRI.
3. Gjere synleg at HFK ønskjer mangfald blant tilsette og brukarar, og ha tydeleg nulltoleranse for seksualiserande mobbing, trakassering og hets på arbeidsplassen.
4. Årleg rapportering til FRI om gjennomførte tiltak
5. Tydeleg informasjon til alle tilsette om rettar ved brot på diskrimineringslova.

Vidare framdrift for LHBT-sertifisering av HFK

Arbeidet med opplæring og sertifisering kan delast inn i tre hovudområde:

- Skulane
- Tannhelsetenesta
- Fylkesadministrasjonen inkl. Skyss

Skuleringa må skje over eit visst tidsrom, ut frå tal einingar og geografisk spreining.

Kostnad til kurs (honorar og reiseutgifter til foredragshaldar) vert dekkja av Økonomi- og organisasjonsavdelinga.

Haust 2017:

- HR-seksjonen tar kontakt med fylkestannlegen
- HR-seksjonen arrangerer kurs for alle leiarar i fylkesadministrasjonen
- Opplæringsavdelinga finn fram til ca. 5 skular som kan gjennomføre kurs

2018:

- Kurs for tannhelsetenesta (jf. Tannhelsedagane, kliniksjeffmøte)
- Kurs for ca. 15 skular
- Kurs for avdelingar/seksjonar i fylkesadministrasjonen

2019:

- Kurs for resten av skulane (ca. 15)
- Fullføring av kurs for tilsette i tannhelsetenesta
- Kurs for avdelingar/seksjonar i fylkesadministrasjonen

Andre tiltak:

- LHBT-sertifiseringa skal handsamast i lokalt AMU
- Årleg rapportering til HAMU og FRI
- Meldeskjema for HMS-avvik i Kvalitetsportalen skal få eige punkt for rapportering av trakassering, hets og anna utilbørleg åtfærd

Vedlegg:

Notat frå FRI: «Inkludering av kjønns- og seksualitetsmangfaldet på arbeidsplassen»